

Invitererte til konferanse om infrastruktur og beredskap

Med fagfolk frå fleire ulike område, skipa Midtvegen 615 til vegkonferanse i Hyen samfunnshus fredag.

Siri Cecilie Flatjord
siri@firdatidend.no

«På ville vegar - klimatilpassa veg, infrastruktur og beredskap» var overskrifta for dagen, og initiativtakarane bak arrangementet var Midtvegen 615, i samarbeid med Hyen Bygdekvinneleg og Gløppen og Kinn kommunar.

Med starten på Noregs verste veg berre nokre steinkast frå konferanselokalet, var det trygge og føreseielege vegar som var hovudtema denne dagen.

Sviktande infrastruktur

Med beredskap så forstår vi tiltak som går på å forebygge, avgrense eller handtere krise og andre uønska hendingar, sa beredskapssjef i Helse Førde, Terje Olav Øen.

Han var invitert inn for å snakke om helseberedskap når infrastrukturen sviktar.

Litt av det som skapar utfordringar i helsetenesta, er at vi er så avhengige av at samfunnet fungerer meir eller mindre normalt, og at vi får tilgang til dei tenestene vi treng.

Når veg- og ferjekommunikasjon ikkje fungerer slik som det skal, påverkar det beredskapen på mange ulike måtar.

Store konsekvensar

Det påverkar personell til og frå arbeidsstad og heim, tilgang til utstyr og materiell, matfor-

syninga, vask og transport av pasient- og arbeidstøy, og aller viktigast; pasientane våre, som er avhengige av anten rutegående trafikk, eigen bil, drosje eller ambulanse.

Bortfall av vegsamband får store konsekvensar for den jobben vi skal gjere, understreka han.

96 milliardar

Randi Walderhaug Frisvoll har engasjert seg lenge for sikre vegar. Ho er leiar for Nasjonal rassikringsgruppe som representerer dei åtte mest rasutsette fylka i landet. I Hyen fortalte ho om kva og korleis gruppa jobbar for å sikre framkomlege vegar i landet.

Vi har eit felles mål om å skaffe meir midlar til rassikring, få meir fokus på det, og å skaffe meir utviklingsmidlar til forskning og ny teknologi, sa ho.

Rassikring av dei farlegaste riks- og fylkesvegane i landet er nyleg kostnadsberekna til 96 milliardar kroner. I statsbudsjettet for 2025 vart det sett av 980 millionar kroner til sikring av fylkesvegane.

Dei siste åra er løyvingane til rassikring berre blitt prisjusterte. Det vil seie at det i realiteten ikkje har vore noko reell auge i løyvingane, slo ho fast.

Krev opptrapping

Krava til Nasjonal rassikringsgruppe er korte og konsise:

Vi krev ei kraftig opptrapping, 2 milliardar meir til rassikring av fylkesvegane, 2 milliardar meir til riksvegane og ein skredfaktormodell som er kopla til verkelegheitas utfordringar.

Å bygge tunnel på rasutsette strekningar er svært kostbart,

og Frisvoll peika på ny teknologi som ei løysing for å få meir ut av midlane frå staten.

Eit av selskapa som har utvikla ei slik løysing er Bypass frå Stord.

Prefabrikerte installasjonar

Skredvernet frå Bypass er

prefabrikerte modular laga i

aluminium som kan monterast

rett på eksisterande vegar.

Visjonen vår som vi jobbar etter kvar dag, er at Bypass skal redde liv og sikre kritisk infrastruktur. Det skal vi gjere utan naturinngrep, med eit innovativt, norsk og berekraftig produkt, sa Fylkesnes som er salsleiar i Bypass.

Skredsikringa er patentert og er fullskalatesta på anlegget deira på Stord.

Vi har jobba lenge teknisk, så produktet er veldig godt utvikla og gjennomarbeidd, men det er først no i 2025 at vi har starta med kommersialisering og gjer oss klare til å selje det.

Godkjenning på plass

Produktet har fått på plass alle nødvendige godkjenningar.

Når ein skal selje noko til Statens vegvesen som er permanente installasjonar på vegen, så skal ein vite at det er sikkert. Vi har no fått konseptgodkjenning frå Vegdirektoratet, som er den siste godkjenninga før vi får den endelige etter at den er fysisk på vegen, utdjupa Fylkesnes.



Beredskapssjef Terje Olav Øen i Helse Førde teikna eit skummelt bilete av kor pressa bered-



Fram til april i år har norske vegar vore stengde 298 gongar på grunn av snø, ras eller flaum, sa Randi Walderhaug Frisvoll frå Nasjonal rassikringsgruppe.





Elisabeth Nonås Fylkesnes frå selskapet Bypass, snakka om Innovativt skredsikring.

e om veg, dskap



skapen i området blir om vegane sviktar.



– Når skredet treffer, er det avgjerande at vegen er trygg. Med Bypass Skredvern dempar vi 80-90 prosent av energien i skredet på berre 1/10 sekund. FOTO: BYPASS.



Olav Klungre var svært fornøgd med konferansen.

– Medan vi ventar på god veg, arrangerer vi konferanse om veg

Styreleiar i Midtvegen 615, Olav Klungre er fornøgd med både innhald og oppmøte under fredagens konferanse i Hyen.

Siri Cecilie Flatjord
siri@firdatidend.no

– Vêret fører til øydelagde vegar og har store kostnader med seg, som gjer at ein må byggje meir robuste vegar. Det er eit veldig aktuelt tema, som vi hadde lyst å setje fokus på, seier Olav Klungre.

– Alt i alt så er vi godt fornøgd med både foredragshaldarar og oppmøte, seier han.

Snu statusen

Midtvegen 615 har lenge jobba for utbetring og standardheving av det som i 2018 kom på 2.-plass i kåringa Noregs verste veg, Hyen - Storebru. Det langsiktige målet til organisasjonen er å snu statusen frå å vere Noregs Nest Verste til å bli beste sambindingsveg mellom Nordfjord og Sunnfjord.

Det kortsiktige målet er å få på plass utbetringar som sikrar reisande ein trygg og rasfri reiseveg.

– Så er det slik, at medan vi ventar på god veg, så arrangerer vi konferanse om veg, smiler Klungre.

Debatt

På slutten av programmet var det duka for debatt mellom

listekandidatane til årets Stortingsval.

– *Korleis synest du fylkesveg 615 kom ut i den debatten?*

– Vi har jobba med dette i mange år, så vi veit kva det handlar om. Vegen ligg eigentleg høgt oppe i dei fylkeskommunale prioriteringane, men dei har for få midlar. Eg forventar ikkje at vi i dag skulle få avklart noko midlar til veg, men det handlar om å jobbe for saka i det lange løp, å jobbe konstruktivt medan ein ventar.

Rosar bygdekvinnelaget

Midtvegen 615 var initiativtakar til konferansen, men hadde med seg Gloppen og Kinn kommunar og Hyen Bygdekvinne- og medar-rangørar.

– Eg vil gje stor ros til Hyen Bygdekvinne- og medar-rangørar ved leiar Sølvi Espeland Hope for kjapp avgjerd om å bli medarrangør for konferansen. Fleire av medlemene i bygdekvinne- laget troppa opp på dugnad og sytte for ein enkel og god lunsj til alle deltakarane. Dei utfører eit viktig og godt arbeid til glede for alle som bur i Hyen, seier Klungre.